



Det kan selgjast tomter opp mot riksvegen på Børnes utan ny reguleringsplan.

- Kommunen kan utan å måtte lage ein ny reguleringsplan for Børnes industriområde selja tomtene opp mot riksvegen utan problem.

Det seier eigedomskonsulent Jarle Fossheim til uskedalen.no etter at det frå politisk hald er uttrykt ein viss tvil om kva administrasjonen meiner i dette spørsmålet.

Fossheim har gjeve uttrykk for at det ville utløysa ei "vasking" av den no gjeldande reguleringsplanen hvis Myklebust-brørne sin plan om utskiping av sand frå Børnes vart til verkelegheit.

Dette er slik å forstå at hvis sandutskipingsplanen blir godkjent MÅ kommunen gjera noko med reguleringsplanen. Då må det framfor alt opparbeidast ein ny veg gjennom området og ned til utskipingsstaden. Men Fossheim legg til at ein også ved eit eventuelt sal av tomter etter den no gjeldande planen bør ha den ynskjelege traseen for nyvegen i tankane.

Ellers er det allereie seld tomter i Børnes-området på tvers av vegsystemet i den no gjeldande reguleringsplanen.

Det som er att av tomter ned mot kaia er no selde og det er grunnen til at tomtene opp mot riksvegen har vorte meir aktuelle. Men førebels er det ingen som har meldt interesse for desse. No blir det kanskje annleis?

Av Ola Matti Mathisen